

Årsmøtet for 1997 vart halde på Torpe Skulehuset 13. februar 1998.

Det nye styret vart som følgjer:

Leiar: Guro R. Kvam

Nestleiar: Kari Fagersand

Kasserar: Nils Rogn

Skrivar: Sigrid Eggen

Styremedlem: Kjell Bakken

Varamedlem: Synnøve Kvam og Nils Leine

Revisorar: Arne Belsheim og Boye Torpe

Valnemnd: Jan Sparstad, Bjørg Berge og Karin Trøen

Styret har hatt 7 styremøter i arbeidsåret.

Medlemstal: Laget har i 1998 hatt 61 medlem, - ein nedgang på 2 frå 1997.

Representasjon:

- o Laget hadde ein utsending til årsmøtet i LfS i Oslo 25.04.98
- o Me hadde to utsendingar til årsmøtet i Valdres Folkemusikklag på Fagernes 27.03.98.
- o Leiaren har vore Valdreskveven sin representant til styret i Valdres Folkemusikklag.
- o Representant i Vang Musikkråd har vore Guro R. Kvam.

Medlemsaktivitetar

Springar og Runddans

Me starta opp med dansekvevdar på Vennis hausten 98,- men avlyste dette pga lite frammøte.

Lausdans

Nils Rogn og Andris Kvam held stadig på med Vangs mest populære tiltak: Lausdans for gitar og jenter i barne- og ungdomsskulen. Me har no to grupper – "Småbukkad'n" og "Killingad'n". Det er om lag 15 stk som dansar annankvar tysdag. I tillegg til lausdans og godkar-stykkjo, prøver me og lære bort springar og runddans.

Opplæring i spel

Felegruppa har hatt fleire øvingar i løpet av året. Nils Leine er musikalsk leiar.

Me samarbeider framleis med Vang Kommunale Musikkskule om opplæring i spel, og hadde i tillegg springardansing og gamle leiker som tema i Dansarringen.

Tradisjonssong

Før jul arrangerte me Kvedar kurs med Kristin Gulbrandsen og Kari Hagaset som instruktørar.

Konsertar, tilstelningar og kappleiksdeltaking.

- ☺ "Småbukkad'n" tok Ungdommens Kulturmønstring på Fagernes med storm 30. januar. Dei gjekk vidare til Fylkesmønstringa på Lillehammer. Her hadde utøvarar (og leiarar) ei stor helg 6. – 8. mars, med opptreden på diskoteket i Kulturhuset Banken laurdagskvelden, diverse kurs og ikkje minst, mønstringskonserten sundagen.
- ☺ "Småbukkad'n" og "Killingad'n" representerte laget på Vårsmønstringskonserten 13. februar.
- ☺ 8. april arrangerte me Påskefest på Vennis Grendehus ilag med Vennisad'n. Det var ein triveleg fest og til tider trengt på dansegolvet!
- ☺ 15. mai arrangerte me Vårkonsert på Kvamshall ilag med Vestre Slidre Folkemusikk- og danselag. Ånon Egeland var "konsertør". Her var det om lag 50 frammøtte, - herav mange Vangsgjeldingar – ein triveleg kveld.
- ☺ 4. juli hadde medlem i laget danseopptreden i bryllaupet til Guri (Skøre) og Geir i Øylo.
- ☺ 6. juli hadde me storopptreden for eit Amerikansk kor på Grindaheim Hotell – særskilt bra gjennomført og me fekk flott tilbakemelding både frå Amerikanarane og Vang Sanglag (som var arrangør).
- ☺ Småbukkad'n har hatt fleire opptredningar på Grindaheim Hotell. Dei dansa og på opninga av NM på ski i Skrautvål, samt på ei premieutdeling.
- ☺ Me har hatt deltakarar på lokalkappleiken i Øystre Slidre, Landskappleiken på Kongsberg og Jørn Hilme-stemnet. Nemast bør at me hadde dei einaste rekruttdansarane på lokalkappleiken, og ikkje minst: Ragnhild Leine og Turi Berge sin flotte innsats på Landskappleiken!!
- ☺ 23. januar (99) arrangerte me konsert og dans med "Tre blad Gjevne" – Sverre, Inge og Kjell – på Åsvang. Ein svært bra konsert med bra frammøte.

Prosjekt:

Musikkstøga: 3. mai vart det halde eit møte der medlem i Valdreskvelven og Vang Rockeverkstad samt andre interesserte var innbudne. Formålet var å setje ned eit eige styret for Musikkstøga, slik at ein til ei kvar tid veit kven som er ansvarlege. Dette styret består av: Tron Kittelsen (materialforvaltar og sjef), Jan Sparstad (1. disippel), Kai Rune Hemsing (2. disippel) og Torgrim Eggen (3. disippel). Det vert jobba med eigne vedtekter og bruksreglar for Musikkstøga for å sikre dei store verdiane som er der. I tillegg til dette møtet har det vore jobba endel med å rydde ut av den delen av huset som Musikkstøga ikkje bruker pr. i dag. Av økonomiske grunnar er ikkje denne delen sett istand enno.

Andris E. Vang – CD: Dette prosjektet har det ikkje vore arbeida med i 1998. (Kun som dårleg samvittigheit.)
CD –nemnda (Nils Rogn, Kari Hagaset, Jan Sparstad, Ola Norvald Hagen, Bente I. Hemsing og Guro R. Kvam) har ikkje hatt noko møte.